

K J Ø P E K O N T R A K T .

Mellom Sigurd Lothe, fødd 3/6 1912, og Ove Rosland, fødd 20/5 1928, er der i dag inngått slik kjøpekontrakt:

Sigurd Lothe sel egedomen sin, Kviljo, gnr. 23 bnr. 37, 38, 39, 45 og 46, skyld 0,13, 0,03, 0,07, 0,06 og 0,06 i Lista Kommune for

kr. 60.000,00 - kroner seksti tusen - .

Egedomen er sedd av kjøparen, Ove Rosland, og han er gjord kjend med grenser og stand. Garden er seld i den stand han er i i dag. Kjøparen er gjord kjend med gjerdeplikta.

Kjøpesumen vert avgjort ved at kjøparen overtek pantelån i A/S Lister Privatbank stort kr. 18.300,00. Resten, kr. 41.700,00, vert betalt kontant ved overtakinga. Dessutan er egedomen seld utan andre pengehefte med alle "tilliggende herligheter og rettigheter". Egedomsskatt og brannforsikringspremie for 1958 er betalt av seljaren.

Med i handelen fylgjer dessutan ymse reidskap for kr. 10.000,00. Denne sumen er teken med i kjøpesumen ovanfor. Dei reidskap som fylgjer med er: 1 slåmaskin, 1 hesterive, 1 høyvendar, 1 neperaspar, 2 kjerrar, 1 stk. 12" plog, 1 harv 1 par gumminjul, piggetrad og pålar, 1 lutepumpe. *motor hakemaskin*

Kostnadene ved tinglysing og stempel skal kjøpar og seljar bera med ein halvpart kvar.

Klepp, den 4 / 3 1958.

Som kjøpar:

*Ove Rosland*

Som seljar:

*Sigurd Lothe*

Denne kjøpekontrakt i 3 eks.